


## **Ein skipstragedie i 1942**



M.S. "Herstein". Bygt j København i 1939.

**Det norske lasteskipet M.S. „Herstein“ av Oslo vart i 1942 bomba i brann på hamna i Rabaul i New Britain, nord for Australia. Dei fleste av mannskapet kom seg i land, men vart seinare internert av japanarane. Berre kapteinen kom seg unna ved å flykta gjennom jungelen.**

**Det internerte mannskapet var mellom dei mange som i juni 1942 vart sett om bord i eit japansk troppetransportskip – "Montevideo Maru" - for å førast til Hainan. I alt var det 1.053 fangar om bord, dels australske krigsfangar og dels sivile fangar. I tillegg var det eit japansk mannskap på 71 og kring 60 vaktar.**

**Den 1.juli 1942 vart fangeskipet - som ikkje var merka på noko vis - torpedert av ein amerikansk ubåt nordvest for Philippinene. Alle fangane omkom, og dette er den største skipskatastrofen i australisk historie.**

**I Australia er det skipa ein komite – Montevideo Maru Memorial Committee – som arbeider med å få denne skipskatastrofen fram i lyset, få meir klårleik om kva som hende.**

**Komiteen ville også gjerne ha opplysningar om dei norske og deira etterkomrarar. Gjennom den norske ambassaden fekk dei råd om å venda seg til Tysklandbrigaden på Voss. Foreninga har etter evne freista å finna etterkomrarar, og har lukkast med å finna fram til ein del av dei. Alle vi har snakka med av etterkomrarar har sagt seg glade for at dei vart kontakta. Men dverre er det svært mange vi ikkje har funne.**